

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKNERÅDSBARNEHAGE BAKKEN 2010

- **EIGAR:**
Fitjar soknerådsbarnehage Bakken, er ein kyrkjelyds-barnehage med utvida kristen formålsparagraf. Eigiar er Stiftinga Fitjar soknerådsbarnehage. Fitjar sokneråd vel styret for stiftinga og har barnehagen som tema på eit soknerådsmøte om våren. Soknerådet og styret for stiftinga har kvar sitt medlem i samarbeidsutvalet for barnehagen.

- **ÅRET 2010 :**
Året då Fitjar kommune feira 150 års jubileum. Vi hadde fokus på "gamle dagar" og korleis dei levde då: leikar, mat, klesvask, hygiene osv. Me begynte ein ny tradisjon i førjulstida: "Barnas julebord." Dette blei ein stor suksess, felles adventsamling, julepregang og julemiddag!
Førskuleungane reiste på busstur til Viking-festivalen på Karmøy!



- **BARNETAL pr. 15.12.2010:**
Me har 2 avdelinger med til saman 48 plassar for barn i alderen 0-6 år. Eit barn under 3 år tel for 2, så antall barn i barnehagen varierer med alderen på borna.

Avd. Marihøna (0-3 år): 24 plassar
Avd. Blåklokka (3-6 år): 24 plassar

Born pr. 15.des.2010:

46 born, 26 har fulltidsplass og
20 har deltidsplass (40, 60%, 80%)
9 born er under 3 år (fødd 09, 08)
37 born er over 3 år (fødd 07,06,05)

Fitjar kommune har samordna opptak, og skulekontoret administrerer dette i lag med styrarane i barnehagane. Me har heile året hatt fullt belegg.



* **PERSONAL-RESSURS**

Styrar (80% adm+20%): 1,0 årsverk
Ped.leiar/førskulelærer: 2,8 årsverk
Assistentar + spes-ped : 5,4 årsverk
Reinhold 0,3 årsverk
Totalt antall årsverk : 9,5 årsverk

Barn med særskilde behov:

Spes.ped. tilsett av kommunen har timar i barnehagen kvar veke. Vi samarbeidar med PPT og Barnevernet og har "Fasttid-møte" 2 gonger pr halvår.

- **TILSETTE I 2010**

Ped.leiarar/ førskulelærarar

Serina Sørffonn

Else-Beth Bjørnvik

Marit Tislavoll (vikariat til 3.07.10)

Else F. Sortland (vikariat frå 1.08.10)

Randi Eiken Brekke (permisjon)

Assistentar

Ellen Karoline Hovstad , slutta 30.03.10

Inger Marie Gilje, beg. 18.05.10

Ellen M. Rydland

Anita Havn

Liv Berit Siglen

Tone Henriksen

Marit Nilsine Tislevoll

Liv Brosstad (ekstra-assistent til 30.06.10)

Elisabeth Moldestad, beg. 17.08.10

Reinhaldar

Joanna Sawicka

Styrrar

Torunn K. Aarskog

- **STYRET FOR STIFTINGA**

Erling Prestbø (leiar)

Rasmus Fitjar

Roald Drønen

Torunn K. Aarskog

- **SAMARBEIDSUTVALET**

Eigar: Frøydis Almås og Roald Drønen

Tilsette: Else-Beth Bjørnvik og

Serina Sørffonn

Foreldre: Karen Elisabet R.Sæbø (vår)

Hilde Karin V. Eiken (vår)

Trond Gerhardsen (haust)

Lillian Sørffonn (haust)

Skrivar : Torunn Aarskog

- **ØKONOMI**

Med fullt belegg heile året er økonomien stabil. Me har auka personal-ressursen litt etter kvart, og frå aug. 2010 har me 4 heile stillingar på kvar avdeling. 2010 var siste året med øyremerka statstilskot til barnehagar. Frå 2011 overtek kommunane ansvaret for barnehagefinansieringa. Men med forskrift om likeverdig behandling av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar som utgangspunkt, og god kontakt og samarbeid med adm/ skulesjef i Fitjar, har me stor tru på at overgangen skal bli takla bra.

- **KURS/ VIDAREUTDANNING**

- Barnehagekonferanse 5.febr. (NLA)
Om barn og tru :alle
- Førstehjelpskurs 8.nov :alle
- Fiskesprell 4.febr. : 2
- Powerpoint : (førskulel. + styrrar) :4
- "Hjelp, jeg er barnehageeier" 17.mars ,
styrrar og styreleiar : 2
- Ernæring og tannhelse 26.april : 4
- Snakkepakken 12.nov :alle
- Relasjonar med barn (førskulel) : 4

Me fylgjer "Plan for kompetanse-utvikling", utarbeidd av kommunen, og Fitjar soknerådsbarnehage sin Plan for kompetanseutvikling.

- **FORELDREGRUPPE/ ICDP**

Barnehagen vår ynskjer kvar haust å gi foreldra tilbod om å vera med i ei samtalegruppe der me bruker heftet "8 tema til godt samspel".

Helsesøster og styrrar er gruppe-leiarar. Hausten -10 fekk me ikkje nok deltakarar til ei gruppe, men me vil prøva igjen neste haust.

- **PEDAGOGISK ARBEID / SATSINGSOMRÅDE**
- Rammene for vårt arbeid er "Rammeplan for barnehagen" og årsplan for barnehagen. Hovudmottoet vårt er "Tryggleik, glede, leik og rørsle." Dette ynskjer me borna skal oppleva ved å møta vaksne i barnehagen som viser omsorg og som legg til rette for leik og læring i barnehagekvardagen. Rammeplanen legg vekt på at barnehagen skal gi borna sosial og språkleg kompetanse samt vera ein kulturarena.
- **Barnehagen som kulturarena.** Vår identitet med "utvida kristen formålsparagraf" gir oss mange moglegheiter innan område kulturformidling. Me har i 2010 hatt eit nært samarbeid med kyrkja/ prestane. Me har hatt påskevandring og pinsevandring i kyrkja, delteke på familiegudstenesta, Hausttakkefest, og hatt julegudsteneste med julespel i kyrkja. I tillegg har prestane vore i barnehagen og formidla Bibelforteljingar etter oppsett plan. Dette er eit samarbeid me får gode tilbakemeldingar på frå born og foreldre.



- **Barnehagen skal gi borna sosial kompetanse.** Innan dette område har me jobba med:
 - Å bevisstgjera personalet/foreldre som rollemodellar (kurs, møte)
 - Opplegget "Truls og Trine" (5-6 åringar)
 - Øva inn gode vanar /høfleg framferd ved måltid, rutinesituasjonar, samspel.
 - Prosjektet: Vennskapsbarnehage, Stefanusbarnehagane i Egypt
 - Samarbeidsprosjekt med musikkskulen.



- **Barnehagen skal gi borna språkleg kompetanse.** Her har me jobba med :
 - Vera bevisste og bruka dei naturlege situasjonane i kvardagen
 - Opplegget "Språksprell"
 - Registreringsverktøyet "TRAS"
 - Årets forfattar: Astrid Lindgren, blitt kjent med nokre av hennar bøker.
 - Me har hatt "Vennskapsfest" på Bedehuset. Julespel med drama, song og musikk.
 - Daglege samlingsstunder med fokus på dag, dato, årstid, gamle/ nye songar, rim og regler, bøker, samtale
 - Bibelforteljingar

- **RAMMEPLANEN SINE 7 FAGOMRÅDE:**
- "Kommunikasjon, språk og tekst", "Kropp, rørsle og helse", "Kunst, kultur og kreativitet", "Natur, miljø og teknikk", "Etikk, religion og filosofi", "Nærmiljø og samfunn", "Tal, rom og form". Desse fagområda blir det arbeida med i samlingsstunder, gruppeaktivitet, rutinesituasjonar, leik og turar. I årsplanen vår tydeleggjer me korleis tema og fagområde heng saman. I års og månadsplanen skriv me om tema og dei fagområda som er i spesielt fokus, men kvar barnehagedag inneheld moment frå kvart fagområde.



MER –barnehage

Me er innmeldt i dette opplegget der me er oppteken av sunt kosthald og meir frukt i barnehagen. Frukt inngår i matprisen og vert servert kvar dag. Barnas gebursdagar vert feira med fruktfat i staden for kake. Dette er noko som foreldra er oppteken av og gir positive tilbakemeldingar på.

- **Dokumentasjon/ vurdering**
Korleis me har jobba med dette:
- Årsplan: dokumenterer kva me skal jobba med.
- Årsmelding: Dokumenterer kva me har gjort.
- Månadsplan/tilbakeblikk: dokumenterer kva me skal jobba med kommande månad, og kva me har gjort i månaden som gjekk. Her skal me jobba meir med å få vurdering med i tilbakeblikket.
- Dagen i dag blir dokumentert på tavla og med digital fotoramme.
- Borna sine permar: bilete, teikningar, førskuleopplegg.

Vurderingsarbeidet /Brukarmedverknad

Korleis me har jobba med dette:

- **Personalet:**
 - Avdelingsmøte/ personalmøte
 - Medarbeidarsamtale
- **Born:**
 - Tilrettelagte barnesamtalar
 - Observere trivsel
 - Lytte til kva dei gir uttrykk for
- **Foreldre:**
 - Evalueringsskjema om våren
 - Foreldresamtalar: startsamtale + 1
 - Foreldrerrepresentant i Samarbeidsutvalet
 - Kontakt ved henting/bringning
- **Vurderingsarbeidet** viser ein stor grad av trivsel, og me opplever at det er veldig god søknad til barnehagen vår. Ved hovud-opptaket i april fekk ikkje alle som hadde oss som 1.prioritet, plass i barnehagen vår. Vårt mål er å vera førsteval til flest mogleg foreldre.
- **Kva me skal jobba vidare med**
- Fortsetja mykje bra arbeid innan kulturformidling, språkleg og sosial kompetanse.
- Fortsetja samarbeidet med musikkskulen og kyrkja .
- Fortsetja prosjektet "Vennskapsbarnehage"
- Jobba vidare med vurderingsarbeidet og synleggjera dette
- Laga heimeside for barnehagen
- **Sakshandsaming**
Årsmeldinga har vore handsama i desse rådsorgana:
 - Personalmøte
 - Samarbeidsutval
 - Styret for stiftinga